

Kultur- og kyrkjedepartementet  
Boks 8030 Dep  
0030 Oslo

*Dykkar referanse:*  
2003/2281 KU/  
KU2 KHA:pbp

*Vår referanse:*  
024/03-603 – EB/GME

*Dato:*  
19. mars 2004

## **Høyringsfråsegn til framlegg om endring av stadnamnlova**

Vi viser til ”Høring – forslag om endring av lov om stadnamn” datert 4. februar 2004. Vi viser òg til tidlegare landsmøtefråsegn og utdjupande merknader frå Noregs Mållag i denne saka (jf. vår høyringsmerknad til evalueringa av stadnamnlova, datert 2. september 2001).

Styret i Noregs Mållag har desse merknadene til framlegget om lovendingar som no ligg føre:

### *Allment:*

Forvaltning av stadnamnarven vår er svært viktig. Hovudgrunnlaget for Noregs Mållag er framleis stadnamna som *verneverdige kulturminne*, og at dette ikkje treng å stå i motsetnad til den praktiske funksjonen som stadnamna har. Ein bør derfor ikkje gjera endringar som svekkjer kulturminnefunksjonen og den namnefaglege instansen. For stadnamn som kulturminne er det særleg viktig å sjå på dei nedervde lokale uttaleformene som siste lekken i ein ubrotten historisk samanheng.

Noregs Mållag ser på somme endringsframlegg som positive, og vil stø dei. Samtidig er der endringsframlegg som vil vere med på å svekkje stadnamn som kulturminne, og desse framlegga vil vi gå sterkt imot.

### *Noregs Mållag vil stø desse framlegga:*

1. Ny § 1 der føremålet med lova blir klårt uttrykt.
2. Ny § 2 med klårgjerande definisjonar (særleg gardsnamn-, bruksnamn og rettskriving/rettskrivingsprinsipp).
3. Ny § 3 om namnevern.
4. Ny § 4, første ledd, der det heiter at skrivemåten i primærfunksjonen til eit namn som hovudregel skal vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane.
5. Ny § 5, tredje ledd, som gjev Statens kartverk vedtaksansvar for alle namn i statleg samanheng.
6. Ny § 9, første ledd, der det heiter at vedtekne skrivemåtar skal takast i bruk *etter eige tiltak* (vår utheving) av alle offentlege organ. Dette har vore eit problem. I samband med denne skjerpinga bør ein vurdere eventuelle tiltak mot dei som ikkje følgjer opp vedtaka.
7. Ny § 10, første ledd, punktet om at klage på namnevedtak skal grunngjevast.

*Noregs Mållag går sterkt imot desse framlegga, og vil be om at ein gjer omformuleringar:*

*Snakk dialekt – skriv nynorsk!*

1. Ny ny § 4, første ledd, der *nedervd lokal uttale* som grunnlag for fastsetjing av skrivemåten er svekt, i og med at denne ordlyden er bytt ut med *den lokale talemålsforma av namnet*.

2. Ny § 2, punkt e, der "lokal talemålsform" er definert som *den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som er busett på staden*. I mange høve kan dette bli påstand mot påstand, og er det først gått politikk i ei namnesak, kan det vera vanskeleg å få sætande opplysningar om kva som er den faktiske uttalen av namnet i dagleg bruk. Det burde vore skilt klårare mellom den nedervde lokale uttalen og nyare, skriftpåverka uttaleformer. Den første må ha klår forrang av kulturvernomsyn. Noko av dette kan rettast opp dersom det kjem inn i merknadene ei formulering om at dersom fleire uttaleformer er i allmenn bruk, skal ein ta utgangspunkt i den uttaleforma som har lengst tradisjon på staden. Men det kan samstundes føre til påstandar om at skriftformer frå 17- og 1800-talet også har funnest som lokale uttaleformer heilt sidan den tida. Vi rår til at ein går tilbake til den opphavlege formuleringa og definerer "nedervd lokal uttale" i klår motsetnad til andre uttaleformer.

3. Ny § 6, første ledd, der det heiter at synet til eigar eller festar skal tilleggjast særskilt vekt, utan det tidlegare atterhaldet om at dette skal gjerast så langt det er mogleg innafør lova. Vi er redd det vil føre til ei svekking for kulturvernomsynet. Noregs Mållag held fast på det vi sa i vår første fråsegn, at gardsnamn/bruksnamn ikkje bør gjevast særhandsaming. Også desse namna er felleseige og felles kulturminne. Nær samanheng med dette har spørsmålet om bunden/ubunden form. Dersom framlegget til nye merknader går gjennom, vil eigaren i mange tilfelle få det avgjerande ordet her. Vi viser til vår første høyringsfråsegn, der vi påviste at skiljet mellom namn i ubunden og bunden form som oftast er klart dersom ein held seg til dei nedervde uttaleformene, og at skiljet i seg sjølv er eit kulturminne som fortener vern. På dette punktet bør ein halde på formuleringane frå 1991.

Mykje av striden om namneformer lokalt, og først og fremst gardsnamn/bruksnamn, botnar i at ein ikkje vil eller greier sjå skilnaden på gardsnamn og slektsnamn. Mykje av dei uttaleopplysningane ein vil få, vil eigenleg gjelde uttalen av *slektsnamnet* som heng saman med gardsnamnet/bruksnamnet. Arbeidsgruppa som stod bak framlegget til revisjon av lova, problematiserte i det heile ikkje tilhøvet mellom gardsnamn og slektsnamn. Det er heller ikkje nemnt i framlegget frå Departementet. Dette er ein alvorleg mangel som gjer at framlegga som gjeld lokale uttaleformer og rettane til eigar/festar, byggjer på sviktande grunnlag.

4. Ny § 6, første ledd, og merknader 5.3.1, punkt a) under "Saksgangen etter forslaget": Vi merker oss at ein ikkje har teke omsyn til ønsket frå Noregs Mållag og frå Namnekonsulenttenesta om å halde på at kommunane bør få ei førebels, fagleg grunna tilråding før dei gjev si høyringsfråsegn. Vi tek opp att at vi ottast dette vil føre til sterk strid, enda mindre forståing lokalt, og heller ikkje gje særleg forenkling. Endringsframlegga i klagesaker og kravet til grunngjeving vil truleg gje den effektiviseringa ein ønskjer. Vi bed om at saksgangen i ordinære namnesaker såleis blir som før.

Med venleg helsing  
NOREGS MÅLLAG

Endre Brunstad (s)  
leiar

Gro Morken Endresen  
dagleg leiar

*Snakk dialekt – skriv nynorsk!*

*Snakk dialekt – skriv nynorsk!*